



Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1619 - 14/18339

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

14.08.2014

Tilbakemelding på tilsyn om retten til særskild språkopplæring - retting av lovbrøt

Lindås kommune fekk i tilsynsrapport av 15.05.2014 pålegg om å gi ei erklæring til Fylkesmannen om retting av lovbrøt og gjere greie for korleis lovbrøt vert retta.

Lindås kommune har i fleire år hatt retningsliner for opplæring av elevar frå språklege minoritetar. Retningslinene skal reviderast i tråd med krava frå fylkesmannen. Revisjonen av retningslinene vil bli gjennomgått på rektormøte og i møte med representantar for skulane sine ressursteam i september. Einingsleiarane for skule har ansvar for å følgje opp skulane sin praksis gjennom rapportering og møte.

Framstillinga under syner kva lovbrøt som skal rettast og korleis:

Lovbrøt som må rettast:	Tiltak:
<p>1. Retten</p> <p><i>Kommunen må sikre at det blir gitt tilbod om morsmålsopplæring og/ eller tospråkleg fagopplæring eller «anna opplæring» i samsvar med § 2-8.</i></p>	<ul style="list-style-type: none">- Revisjon av retningsliner for opplæring av minoritetsspråklege elevar- Gjennomgang av reviderte retningsliner og lovkrav på rektormøte i september- Haust 2014: Oppfølgingsamtale mellom

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



	<p>einingsleiar og rektor</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjekkliste og elevliste – gjennomgang av alle vedtak
<p>2. Saksgang</p> <p>Lindås kommune må sikra at</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ det blir gitt <u>informasjon</u> om retten til særskild språkopplæring i tråd med lovkrava ○ elevane vert <u>kartlagt</u> i tråd med krava i opplæringslova ○ det blir innhenta nødvendig <u>samtykke</u> før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring ○ plikta til <u>forhandsvarsling</u> vert utført, jf. forvaltningslova § 16, før det vert gjort vedtak om særskild språkopplæring ○ alle <u>vedtak</u> oppfyller krava i forvaltningslova 	<ul style="list-style-type: none"> • Informasjon <ul style="list-style-type: none"> Utarbeide felles skriv – oversette til ulike språk • Kartlegging <ul style="list-style-type: none"> • Kompetansebygging – kurs og temamøte • Samtykke <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide felles skjema • Førehandsvarsling <ul style="list-style-type: none"> • Felles rutine • Enkeltvedtak <ul style="list-style-type: none"> • Justere mal i tråd med lovkrav
<p>3. Forsvarleg system</p> <p>Lindås kommune må ha eit forsvarleg system ved at kommunen</p> <ul style="list-style-type: none"> - har <u>tilstrekkelege rutinar</u> for å sikre at dei som skal arbeide med feltet har <u>oppdatert kompetanse</u> når det gjeld regelverk slik at dei kan vareta dei oppgåvene dei blir tildelte i systemet - har <u>tilstrekkelige rutinar</u> for å rette opp eventuelle lovstridige tilhøve 	<p><u>Kompetansebygging:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - gjennomgang av forvaltningsreglar med rektor og lærar frå Ressursteam - Kurs for rektorar i regionen – generell forvaltningsrett <p><u>Internkontroll:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppfølgingsmøte på skulane med rektor og lærar frå ressursteam - gjennomgang av elevliste og enkeltvedtak - Innføring av nytt internkontrollsystem – arbeidet er i gang

Lindås kommune vil prioritere dette arbeidet tidleg haust 2014 (august/september). Justerte og nye dokument vert ettersendt.

Med helsing

Ørjan Raknes Forthun
rådmann

Anne Wergeland
fagsjef grunnskule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland,
Utdanningsavdelinga

Postboks 7310 5020

BERGEN